




Utgreiing og vurdering

Forslag om endring av forskrift om vern av
Hattebergsdalen landskapsvernområde i Kvinnherad kommune.



Innhold

Oppsummering	3
Heimelsgrunnlag	3
Oppdraget og prosessen	3
Oppdraget.....	3
Bakgrunn for saka	3
Saksgang	4
Verneforskrift for Hattebergsdalen landskapsvernområde	5
Verneverdiar i landskapsvernområdet	5
Verneverdiar og konsekvensane av endringa som er føreslått	6
Natur- og kulturlandskap	6
Biologisk mangfold	7
Vassdragsnatur og verna vassdrag	8
Andre verneverdiar	10
Landbruksinteresser og samfunnsnytte	10
Vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova	11
Høyring	13
Omtale av forslag til endring av verneforskrifta	14
Merknader til forslaget	14
Merknader som er positive til forslaget.....	14
Merknader som er negative til forslaget.....	15
Merknader knytt til friluftsliv	16
Merknader knytt til landskap og kulturminne.....	17
Andre merknader	17
Miljøfagleg vurdering av forslaget etter høyring	18
Naturverdiar	18
Natur- og kulturlandskap	20
Vassdragsnatur og verna vassdrag	21
Presedensverknad.....	22
Samla vurdering	23
Landbruksfagleg vurdering av forslaget etter høyring	23
Om vernereglane	24

Veging av nydyrkning og vern	25
------------------------------------	----

Oppsummering

Notatet gjer greie for kva som vil bli konsekvensane for verneverdiane dersom verneforskrifta for Hattebergsalen landskapsvernombordet vert endra for å gje opning for nydyrkning for å leggje til rette for auka beitebruk i verneområdet. På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget som ligg føre og innspela frå høyringa, har vi vurdert miljøutfordringane og landbruksinteressene i saka. Vi har gjennom desse vurderingane peikt på kva interesser som finst i området. Vurderinga av om verneforskrifta skal endrast kvilar på ei interesseavveginga mellom verneinteressene og jordbruksinteressene, og er ei avgjerd som ligg til nasjonalt nivå.

Heimelsgrunnlag

Hattebergsalen landskapsvernombordet er fastsett ved Kronprinsreg.res. 29. april 2005 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, jf. § 6 og § 21, § 22 og § 23.

Naturvernlova vart oppheva ved vedtakinga av lov 19. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova). Det følger av overgangsføresegna i naturmangfaldlova § 77 at forskrifter gitt i medhald av naturvernlova framleis gjeld. Heimel for endring i verneforskrifta er naturmangfaldlova §§ 34 og 36.

Oppdraget og prosessen

Oppdraget

Klima- og miljødepartementet ga den 21. mars 2023 Miljødirektoratet oppdrag om å setje i verk prosess med utgreiing og høyring av forslag til endring av forskrift 29. april 2005 om vern av Hattebergsalen landskapsvernombordet. Departementet peikte på at det er trond for aktiv beitebruk i landskapsvernombordet med kulturlandskap for å oppretthalda verneverdiane som ligg til grunn for vernevedtaket. I Hattebergsalen er det ein del av verneføremålet å ta vare på kulturlandskapet, og aktiv beitebruk kan hindre attgroing og redusert naturmangfald. Det skulle difor greiast ut ei endring av verneforskrifta som opnar for nydyrkning i avgrensa omfang for å leggje til rette for auka beitebruk i verneområdet. Mogleg negative effektar på verneverdiane skulle også klargjera og inngå i vurderinga.

Statsforvaltaren i Vestland fekk i brev frå Miljødirektoratet datert 28. mars 2023, i oppdrag å gjennomføre utgreiing og høyring av ei slik forskritsendring. Tiltråding etter høyring skulle så sendast til Miljødirektoratet innan 10. september 2023. Miljødirektoratet skal vidare sende si tilråding til Klima- og miljødepartementet innan 1. oktober 2023.

Bakgrunn for saka

Miljødirektoratet gjorde vedtak i klagesak som gjaldt søknad om nydyrkning i Hattebergsalen 6. mars 2023. I denne saka gav nasjonalparkstyret løyve til nydyrkning av eit areal med naturbeitemark på om lag 20 dekar. Føremålet med nydyrkninga var å nytte området til produksjon av grovfôr for å kunne auka talet på beitedyr. Det var også eit moment i saka at tiltaket skulle bidra til å ta vare på

kulturlandskapet ved at det gav grunnlag for bruk av beitedyr som landskapspleie slik at grunneigarens andre areal innanfor landskapsvernombordet ikkje skulle gro igjen. Vedtaket vart påklaga av Statsforvaltaren i Vestland fordi vi meinte at vedtaket var i strid med verneføremålet og ville ha stor innverknad på verneverdiane. Miljødirektoratet var eining i denne vurderinga og konkluderte med at det ikkje var høve til å gje løyve etter naturmangfaldlova § 48. Løyve til nydyrkning vart difor gjort om slik at søknaden vart avslått. I 2021 gav nasjonalparkstyret løyve til nydyrkning av eit større område på 37,5 dekar frå same grunneigar. Denne søknaden vart også avslått av Miljødirektoratet etter klage frå Statsforvaltaren.

Klima- og miljødepartementet viser i oppdragsbrevet til at naturmangfaldlova § 48 er ei snever unnataksføresegn. Vilkåra for å gje dispensasjon er strenge, og det er ikkje meininga å nytte høve til dispensasjon til å gje løyve til aktivitetar som vart vurdert på vernetidspunktet. Dersom det skal opnast for slike tiltak, bør det primært skje gjennom endring av verneforskrifta. Terskelen for slik revurdering er høg. Departementet meiner likevel at det i landskapsvernombordet med kulturlandskap kan vere trøng for aktiv beitebruk for å oppretthalde verneverdiane som ligg til grunn for vernevedtaket, og at dette kan krevje stadvis tilpassing av forskriftene. I Hattebergsalen er verneføremålet mellom anna å ta vare på kulturlandskapet, og departementet ser at det er trøng for aktiv beitebruk her. På bakgrunn av dette ville difor departementet at det skulle greia ut ei endring av forskrifta for Hattebergsalen landskapsvernombordet, der det vert opna for nydyrkning for å leggje til rette for beitebruk i verneområdet.

Saksgang

Ved endring av verneforskrifter gjeld forvaltningslova sine regler om forskrifter i kapittel VII. Det er eit krav at saka skal vere så godt opplyst som mogleg, jf. forvaltningslova § 37. Som eit ledd i dette skal saka sendast på høyring der aktuelle offentlege og private institusjonar og organisasjonar, fag- eller interessegrupper skal få høve til å utale seg om endringsforslaget.

Dei særlege sakshandsamingsreglane ved opprettning av verneområde i naturmangfaldlova §§ 41-46 gjeld også ved endring av verneforskrift så langt dei passer. Dette inneber mellom anna at høyringa vart sendt direkte til grunneigarane i området endringa gjeld, jf. naturmangfaldlova § 43.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 skal vere retningsliner ved utøving av offentleg myndighet og vurderinga skal kome frem i avgjelda, jf. naturmangfaldlova § 7. Dette gjeld også ved utforming og endring av forskrifter. Problemstillingar knytt til miljørettsprinsippa er synleggjort i eige punkt under, og i tillegg trekt inn i vurderinga etter høyring.

Kva konsekvensar forslaget om nydyrkning vil kunne få for naturmangfaldet og verneverdiane i landskapsvernombordet er utgreidd og dokumentert i rapporten «*Nydyrkning i Hattebergsalen LVO, Konsekvensvurdering på tema naturmangfold*» (Miljøfagleg Utredning, 2023). Miljøfaglig Utredning har gjennomført ei forenkla konsekvensutgreiing for å klårgjera konsekvensane for naturmangfaldet dersom det vert opna for nydyrkning i avgrensa omfang i landskapsvernombordet. I samband med utarbeiding av rapporten vart det gjennomført feltarbeid i Hattebergsalen der også representantar frå Statsforvaltaren deltok. Nasjonalparkforvaltaren for verneområdet var med som lokalkjent.

Denne rapporten samt den tidlegare rapporten frå Miljøfagleg Utredning frå basiskartlegging av naturtypar i landskapsvernombordet Hattebergsalen og Ænesdalen (Miljøfaglig Utredning, 2019), er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i saka.

Verneforskrift for Hattebergsdalen landskapsvernombordet

Hattebergsdalen landskapsvernombordet blei oppretta ved kongeleg resolusjon 29. april 2005. Det samla arealet av landskapsvernombordet er på om lag 15,4 kvadratkilometer, og ligg i tilknyting til Folgefonna nasjonalpark i Kvinnherad kommune.

Føremålet med landskapsvernombordet er lista opp i forskrift 29. april 2005 nr. 392 om vern av Hattebergsdalen landskapsvernombordet § 2, og er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekommstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Rettsverknadene av å verne eit område som landskapsvernombordet følgjer av naturmangfaldlova § 36 andre ledd. Her går det fram at det ikkje må settast i verk tiltak som åleine eller saman med andre tiltak kan endre det verna landskapets sær preg eller karakter vesentleg. Pågåande verksemd kan halda fram og utviklast innanfor denne ramma. Nye tiltak skal tilpassast landskapet, og det skal vidare leggjast vekt på den samla verknaden av tiltaka i området.

Verneforskrifta stadfestar at det er forbode med inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter i landskapsvernombordet, jf. forskrifta § 3 punkt 1.1. Føresegna listar opp døme på tiltak som vil vere forbode, og omfattar mellom anna vegbygging, graving og påfylling av masse, fjerning av større stein og blokker, drenering og annan form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting og bakkeplanering. Vernet er ikkje til hinder for skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.2 bokstav f. Forvalningsstyresmakta kan gi løvye til ryddig av nytt innmarksbeite, jf. forskrifta § 3 punkt 1.3 bokstav e), men vernereglane opnar ikkje for at det kan gjevest løvye til nydyrkning.

Verneverdiar i landskapsvernombordet

Hattebergsdalen landskapsvernombordet er på om lag 15 kvadratkilometer og strekk seg frå ca. 70 moh. opp til ca. 1200 moh. Dette gir stor variasjon i naturtypar som er til stades. Størst areal blir dekt av fjell-hei, og i høgfjellet finns og mindre område med semi-naturlig myr og nedbørsmyr.

Sjølve Hattebergsdalen er prega av svak lågurt-skog (medrekna mykje beiteskog), semi-naturlig eng, rasmarkseng og boreal hei. Fem område med semi-naturleg eng er skilt ut som naturbeitemark, ein trua naturtype som er vurdert som sårbar (VU). Eit lite område er registrert som naturtypen sørleg kaldkjelde (VU).

Viktige artsfunn i Hattebergsdalen er i hovudsak knytt til sopp og lav- og moseflora. I dalbotnen er det registrert nokre arter som tilhøyrar gruppa beitemarksopp. Dette er arter som indikerer semi-naturlig eng, eller gamle enger som ikkje har vore gjødsla eller pløgd. To av beitemarksoppane som

er registrert er på raudlista: papillvokssopp (VU), gulbrun narrevokssopp (NT). Tussepraktlav (VU) er også registrert fleire stader langs Hattebergselva.

Hattebergselva har fleire særmerkte fossar og er varig verna mot kraftutbygging, sjølv om det er etablert eit mindre kombinert kraftverk og vassforsyningsanlegg i dalen. I kantsonene langs begge sider av elva er det naturverdiar knytt til sjølve elva eller det fuktige mikroklimaet som oppstår langs elva. Det er ikkje gjort systematiske registreringar her, men artar som flommose (NT), vasshalemose (NT), kystfloke (NT) og tussepraktlav (VU) er registrert her. Viktige landskapsverdiar låg også til grunn for at området blei verna. Landskapsverdiene i Hattebergsdalen er vurdert til å vere av regional verdi.

Verneverdiar og konsekvensane av endringa som er føreslått

Natur- og kulturlandskap

Vernet av Hattebergsdalen skal ta vare på både natur- og kulturlandskapet. I førearbeida til verneforskrifta er verneverdiene til landskapsvernområda omtala slik:

«Dei tilrådde Ænesdalen, Bondhusdalen, Hattebergsdalen og Buer landskapsvernområde er karakterisert med ein særleg vakker og særprega vassdragsnatur. Elvene i landskapsvernområda er sterkt prega av opphavet sitt ved breen. Fjellterrenget med kort avstand til fjorden gir korte, bratte og til dels ville elvelaua.»

Kulturlandskapet har vore prega landbruksdrift. Noko areal av fulldyrka, men mesteparten av arealet i Hattebergsdalen er brukt til innmarksbeite for sau og storfe. Det har vore eit mål at kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep, men det er samtidig peikt på som ei utfordring å auke beitetrykket innanfor desse rammene (Forvaltningsplan for Folgefonnaområdet, 2011).

I kor stor grad landskapet sin art og karakter vert endra må vurderast heilskapleg. Konsekvensane av nydyrkning for natur- og kulturlandskapet kan likevel vurderast frå fleire innfallsvinklar. I Hattebergsdalen er det allereie nokre teigar som er dyrka opp, og også nokre naturbeitemarkar som er gjødsla. Nydyrkning i avgrensa omfang, særleg i dei ytre delane av dalen der landskapet allereie er prega av fleire inngrep, treng ikkje føre til at landskapsbilete verte vesentleg endra. Elva som landskapselement er også i dei ytre delane av dalen prega av å vere styrt gjennom sikringstiltak på austsida av elva.

Samstundes er det ein del av føremålet i verneforskrifta å ta vare på variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet. Vest for elva står landskapet fram utan vesentlege inngrep ut over nokre rydningshaugar. På denne sida av elva er difor kontinuiteten i landskapet intakt frå elva, over flaummark, naturbeitemark med bekkesystem og dalsida opp mot høgfjellet. Nydyrkning vil her gi eit brot i terrenget mellom elva og fjellområda ovanfor og føre til varige endringar i natur- og kulturlandskapet. Nydyrkning langs elva vil også i større grad føre til at elva renner gjennom dyrka mark, og dermed visuelt sett vert skilt frå naturlandskapet og terrenget som er forma av vassdraget.

Biologisk mangfold

Konsekvensane for naturtypane og biologisk mangfold er utgreia av Miljøfaglig Utredning i form av ei forenkla konsekvensutgreiing. Utgreiinga har konsentrert seg om områda med semi-naturlig eng i dalbotnen, då desse områda vert rekna som aktuelle for nydyrkning på grunn av topografi og nærliek til infrastruktur som veg (Miljøfaglig Utredning, 2023). Vi refererer her oppsummeringa av resultatet av kartlegginga og tabell 6 som visar konsekvensane for dei ulike lokalitetane:

Dette har resultert i 5 naturtyper med naturbeitemark, en rødlistet naturtype som er vurdert som sårbar VU). I tillegg er det en lokalitet der det er usikkerhet knytta til beitepreg som derfor er registrert som den overordnede naturtypen semi-naturlig eng (VU). En ny naturtype ble også registrert etter befaringen i 2023; sørlig kaldkilde som er rødlistet med status sårbar (VU). Et økologisk funksjonsområde for arter er avgrenset som et eget delområde for å fange opp artene flommose, vasshalemose, kystfloke (alle NT) og tussepraktlav (VU) knyttet til selve elva eller det fuktige mikroklimaet som oppstår langs elva. Ved nydyrkning vil arealet gå fra naturbeitemark, med den sårbare naturtypen semi-naturlig eng, til gjødslet varig eng uten viktig naturverdier. Indirekte påvirkning gjennom spraying av gylle og avrenning til elva vil også trolig forkomme som følge av nydyrkning.

Konsekvens vurderes ut fra delområdenes verdi og påvirkningen tiltaket vil gi. Konsekvens er vurdert for hvert delområde basert på nydyrkning av det delområdet, med unntak av delområde 8 som blir indirekte påvirket av nydyrkning i andre delområder. For lokalitetene 1, 2, 4 og 7 blir konsekvensen alvorlig miljøskade. For lokalitet 3, 5 og 6 blir konsekvensen svært alvorlig miljøskade. For delområde 8 blir konsekvensen betydelig miljøskade.

Det er usikkerhet knyttet til lokalitetskvalitet på grunn av manglende undersøkelser av sopp, men også fordi kartleggingsdataene ikke er tenkt brukt på denne måte. Det er usikkerhet knyttet til påvirkning særlig på grunn av manglende kjennskap til hvordan eventuelle tiltak vil gjennomføres, hvor mange tiltak som er aktuelle og hvor stort areal det gjelder. Det er usikkerhet i konsekvens grunnet de samme årsakene og i tillegg de indirekte effektene av nydyrkning.

Delområde	Verdi	Påvirkning	Vurdering	Konsekvens
Lokalitet 1 - Naturbeitemark	Stor verdi	Forringet	Deler av en viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrkning og en sone rundt blir noe forringet.	- - - Alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 2 - Naturbeitemark	Stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrkning.	- - - Alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 3 - Naturbeitemark	Svært stor verdi	Sterkt forringet	Deler av en viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrkning og en sone rundt blir noe forringet.	----- Svært alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 4 - Sørlig kalkkilde	Stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrkning.	- - - Alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 5 - Naturbeitemark	Svært stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrkning.	----- Svært alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 6 - Semi-naturlig eng	Svært stor verdi	Sterkt forringet	Deler av en viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrkning og en sone rundt blir noe forringet.	----- Svært alvorlig miljøskade for delområdet
Lokalitet 7 - Naturbeitemark	Stor verdi	Sterkt forringet	En viktig naturtype som er truet blir forringet av nydyrkning.	- - - Alvorlig miljøskade for delområdet
Delområde 8 – Funksjonsområde for lav og moser	Stor verdi	Forringet	Minst én av forekomstene av tussepraktlav og flere av moseforekomstene vil forsvinne. Kantsonen blir ytterligere fragmentert.	- - Betydelig miljøskade for delområdet

Figur 1: Tabell som viser konsekvens for lokalitetar/delområde. (Miljøfaglig Utredning 2023, tabell 6, s. 29).

Kartlegginga viser at områda som kan vere aktuelle for nydyrkning i all hovudsak er raudlista naturtypar med kategorien sårbar (VU) og har stor eller svært stor verdi. Figur 7 i den forenkla konsekvensutgreiinga viser også at det i stor grad er desse areala som i dag er intakte, i den forstand at dei i dag har eit tilfredsstillande beitetrykk (Miljøfaglig Utredning, 2023). Nydyrkning i desse områda vil føre til alvorleg og svært alvorleg miljøskade for delområdet. I tillegg vil nydyrkning få indirekte konsekvensar for funksjonsområdet langs elva som inneholder raudlista artar av mose og lav. Det er difor viktig å sikre at ei eventuell forskriftsendring ikkje førar til øydelegging av større verneverdiar enn ho tek sikte på å sikre. Det bør vere gode grunner for å dyrke opp områder med høg og svært høg naturverdi for å få auka beitetrykk i andre område som har lågare naturverdi.

Det går fram av rapporten frå Miljøfaglig Utredning at samla konsekvensar av forskriftsendringa er vanskeleg å vurdere, då det ikkje er konkretisert kva areal eller naturtype som kan nydyrkast. Det er heller ikkje sett et øvre tak for kor stort areal i landskapsvernombordet som kan dyrkast opp. Dersom alle områda som er vurdert i rapporten vil samla konsekvens vere svært alvorleg miljøskade (Miljøfaglig Utredning, 2023).

Vassdragsnatur og verna vassdrag

Hattebergvassdraget er eit varig verna vassdrag, og eit av føremåla med Hattebergsdalen landskapsvernombordet er å sikre verdfull vassdragsnatur. Ein viktig del av vassdragsnaturen er kantvegetasjonen langs vassdraget. Vassressurslova § 11 seier at det skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag med årsikker vassføring. Vassdrag utan årsikker vassføring reknast også som vassdrag dersom det skil seg tydeleg frå omgjevnaden, jf.


vassressurslova § 2 første ledd. Føresegna i § 11 seier ikkje noko konkret om kor brei kantvegetasjonen skal vere, men stillar krav til å oppretthalde kantvegetasjon som skal motverke avrenning og vere levestad for dyr og planter. Breidda vil difor variere med dei naturlege tilhøva på staden. Vassressurslova vernar dei økologiske funksjonane til kantvegetasjonen, og det skal vere vesentlege samfunnskritiske årsaker til å ikkje oppretthalde eit vegetasjonsbelte som oppfyller føremålet med føresegna.

Utgangspunktet for kantvegetasjonsbeltet er der kantvegetasjonen naturleg startar langs vasspegelen, og omfattar normalt arealet som blir påverka av tiårsflaumen. I Ot.prp. nr. 39 (1998-99) går det fram av kommentarane til § 11 at «*[B]eltet vil normalt omfatte vegetasjon på bredden som kan være under høyeste vanlige flomvannstand slik dette er definert i § 2 første ledd, og en begrenset sone ut over dette*». Det går vidare fram av kommentarane til § 2 at «*B]]egrepet vassdrag omfatter ikke bare vannmassene, men også bunn og bredder. I forhold til vassdragets nærområder og nedbørfeltet for øvrig strekker vassdraget seg til høyeste vanlige flomvannstand, som etter § 3 bokstav d er definert til nivået for tiårsflommen. Dette området regnes etter loven som vassdrag også når det ikke er dekket av vann*»

Det er kommunen som skal fastsette breidda på kantvegetasjonen, jf. § 11 i vassressurslova. Kravet om 6 meter i nydyrkingsforkrsifta vil ofte vere eit minimum, då kantvegetasjon etter vassressurslova har eit funksjonskrav, ikkje ein fast breidde. Høgaste vanlege flaumvasstand (tiårsflaumen), kan vere eit godt utgangspunkt for å fastsette breidde. Ved å endre frå beitemark til dyrka mark, kan det påverke avrenning frå arealet. Ein brei og velutvikla kantvegetasjon vil kunne redusere avrenning og forureining til vassdraget. Det er til dømes vist andre stader at ein ti meter brei flaummarksskog kan reduserer avrenninga til vassdraget med $\frac{3}{4}$. Kravet til kantvegetasjon gjeld òg flaumløp/sideløpet.

Kantvegetasjon vil redusere erosjon i elvekanten, då trerøter armerer jorda, og det skal ikkje vere naudsynt med tekniske løysingar for å redusere erosjon. At elva får grave er viktig for landskapet. Den aktive elvesletta er synleg opp gjennom heile dalen, og du kan sjå kor elva har endra løp og danna forgreiningar. Ein brei kantvegetasjonssone der elva kan grave, vil òg bidra til å oppretthalde vassdragslandskapet.

Det er berre krav til å oppretthalde kantvegetasjon langs vassdrag der dette eksisterte då lova vart vedteke i 2001. Om det ikkje var kantvegetasjon før lova vart innført, og det heller ikkje har vore etablert kantvegetasjon seinare, er det ikkje krav til reetablering. I dette tilfellet har kantvegetasjonen hatt eit større omfang etter 2001 enn dagens tilstand. Sidan Statsforvaltaren ikkje har gitt løyve til å fjerne denne, må i utgangspunktet kantvegetasjonen langs vassdraget reetablerast i same omfang som før, sjå figur 2. For å redusere avrenning til vassdrag etter eventuell oppdyrkning, bør ein vurdere å auke breidda av kantvegetasjonen fleire stader, samanlikna med 2003 omfanget.



Figur 2: Bilete som viser kantvegetasjon mellom hovudløp og flaumløp/sideløp i 2003, (norgebilder.no).

Andre verneverdiar

Andre viktige interesser i området som også er verna gjennom forskrift om Hattebergsdalen landskapsvernområde er geologiske førekomstar, eit tradisjonelt og enkelt friluftsliv samt omsynet til verdifulle kulturminne.

Vi har ikkje god oversikt over geologiske førekomstar og verdiar knytt til dei, men det er klart at ei oppdyrkning av eit område også vil påverke slike verdiar, og da særleg lausmassar på staden. I dyrkbare område i dalbotnen er det både tjukke og tynne moreneavsetningar, skredmateriale og elve- og bekkeavsetningar. Området ligg over marin grense.

I verneforskrifta, § 3.1.1, er det sagt at området skal vernast mot ulike inngrep, mellom anna graving og påfylling av masse, boring, sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker mm, alt dette for å ta vare på geologiske verdiar i området. Avhengig av omfanget vil ei nydyrkning også krevje dispensasjon frå eit eller fleire av desse punkta.

Landbruksinteresser og samfunnsnytte

Det er knytt jord- og skogbruksinteresser til Hattebergsdalen, og drift skal kunne gå føre seg i landskapsvernområdet, så lenge dette skjer i samsvar med verneføremålet. Jordbruk i form av aktiv

beitebruk er også ein viktig føresetnad for å holde landskapet opent og slik ta vare på kulturlandskapet. Beitedrifta i området er dermed med på å oppretthalda ein sentral verneverdi i Hattebergsdalen. Det er også dette som er intensjonen med Klima- og miljødepartementets forslag om å opne for nydyrkning for å legge til rette for beitebruk i verneområdet.

Jordbruksnæringa i området kan i tillegg ha ein vidare interesse i at det vert opna for nydyrkning, ved at dette utvider høve til ulike driftsmetodar i området. Dette kan vere eit føremøn for jordbruksnæringa uavhengig av om føremålet og/eller effekten av auka beitetrykk i verneområdet. I kva grad nydyrkning av avgrensa område i Hattebergsdalen gir grunnlag for å auke talet på beitedyr for grunneigarane i området, og om det er mogleg å få tilgang til grovfôr på andre måtar har vore usikkert. I samband med høyringa vart det oppmoda om innspel som kunne opplyse denne problemstillinga, men det kom likevel ikkje inn uttaler der dette temaet er omtala.

Dersom det vert opna for nydyrkning i avgrensa omfang i landskapsvernombanen, skal nydyrkingsstiltak stetta krava i nydyrkingsforskrifta. Det er også sett grensar for nydyrkingsstiltak i dette regelverket, mellom anna knytt til myr og i vegetasjonsbelte langs vassdrag. Det er vidare krav til å ta omsyn til verknader tiltaket kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Nydyrkning over 50 dekar, samt nydyrkning under 50 dekar som kan få vesentlege verknader for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn skal konsekvensutgreiast.

Vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova

Rapporten frå Miljøfaglig Utredning gjer greie for vurderingar knytt til naturmangfaldlova §§ 8-10, og er lagt inn i vurderingane som er gjennomgått i punktet over om verneverdiane og konsekvensane av endringa som er føreslått. Vi viser til rapporten for den nærmere gjennomgangen av prinsippa, men vil her trekke frem nokre hovudpunkt.

Kravet til kunnskapsgrunnlag skal ifølgje førearbeida til lova stå i eit rimeleg tilhøve til karakteren og omfanget av saka¹. Det ligg føre eit relativt godt kunnskapsgrunnlag gjennom konsekvensvurderinga frå Miljøfaglig Utredning saman med basiskartlegginga frå 2019 av naturtypar i landskapsvernombanen Hattebergsdalen og Ænesdalen. I tillegg ligg det føre forvaltingsplan for området, samt kunnskap frå nasjonalparkforvaltar gjennom sakshandsaminga i dei to nydyrkingsøknadene i 2021 og 2022. Kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er i stor grad dekka. Konsekvensane av å opne for nydyrkning i avgrensa grad er omtalt i punktet føre, og vi viser til tabellen gjengjeve på s. 8 i dokumentet. I tillegg har høyringsrunden supplert kunnskapsgrunnlaget som allereie ligg føre.

Å vurdera kvaliteten på naturbeitemark må i utgangspunktet gjennomførast på hausten for å kunne kartlegge eventuell førekommst av beitemarksopp. På grunn av fristane i oppdraget om utgreiing og høyring av den føreslegne endringa av verneforskrifta, er utgreiinga av konsekvensane for naturverdiane denne gangen gjennomført i mai månad. Det er difor noko uvisse knytt til mogleg

¹ Ot.prp.nr.52 (2008–2009) Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) s. 379 første spalte.

førekomst av beitemarksopp då kartleggingane som er gjort i området også tidlegare er gjennomført utanfor soppesongen. Dersom seinare undersøkingar viser at det er beitemarksopp i nokre delar av Hattebergsdalen vil dette i så fall forsterke verdivurderingane og dermed auke konsekvensane av å dyrke opp dei aktuelle områda.

Miljørettsprinsippet i naturmangfaldlova § 9 gir føringar om at det ved utilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag skal takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Det må difor takast omsyn til at det kan vere sannsynlege førekomstar av beitemarksopp i områda der det eventuelt er aktuelt å opne opp for nydyrkning. Det er og knytt uvisse til i kva grad nydyrkninga, gjennom å legge til rette for fleire beitedyr, vil ha positiv effekt på verneverdiane ved å hindre attgroing av landskapet. Dette krev i så fall at beite vert styrt gjennom konkrete beitebruksplanar, sjå også kommentaren til naturmangfaldlova § 10.

Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10 skal sikre at det ikkje skjer ei gradvis forvitring som over tid fører til tap av leveområde, artar og biologisk mangfald. Offentlege styresmakter skal difor sjå moglege påverknader i samanheng når dei vurderer miljøpåverknader. Den samla belastninga av forslaget til forskriftsendring for naturmangfaldet er gjennomgått i kapittel 8 i rapporten frå Miljøfaglig Utredning. Her går det mellom anna frem at både naturtypen semi-naturlig eng og sørleg kalkjelde er vurdert som sårbar (VU), og at naturtypene har hatt sterkt tilbakegang dei siste 50 åra. Regionalt er den samla belastninga på semi-naturlig eng høg. Konsentrasjonen av semi-naturlig eng i Hattebergsdalen er truleg høgare enn elles i kommunen, og det er sannsynlegvis eit kjerneområde for naturtypen lokalt (Miljøfaglig Utredning, 2023).

Sjølv om eit tiltak gir risiko for tap av naturmangfald, kan kryssande omsyn likevel gjere til at det vert opna for tiltaket, sjå naturmangfaldlova § 14². I denne saka er det føreslått å opne for nydyrkning for å legge til rette for auka beitebruk i verneområdet. Konsekvensane av nydyrkning er at trua naturtypelokalitetar i verneområdet av stor og svært stor verdi vert forringa eller sterkt forringa. Dette må vurderast opp mot moglege positive effektar ved at nydyrkning kan føre til auka beitetrykk i dei høgareliggende liane til Hattebergsdalen. Dersom nydyrkninga skal føre til slike positive effektar må i tilfelle høve til å nydyrkning knytast til vilkår som styrar beitebruka, til dømes krav om kor og korleis beitebruka skal aukast.

Prinsippet i naturmangfaldlova § 11, om kostnader ved miljøforringing, er ikkje aktuelt i denne fasen av prosessen, og vert ikkje kommentert nærmare. Prinsippet må vurderast nærmare i samband med ein eventuell søknad om nydyrkning dersom forskriftsendringa vert vedteke. Vi vil berre trekke frem at føresegna også gjev høve til å krevje at tiltakshavar dekker kostnader for å innhente naudsynt kunnskap, som til dømes utgreiing av miljøkonsekvensar, i samband med det aktuelle tiltaket³. Dette kan vere aktuelt i eventuelle framtidige saker om nydyrkning, mellom anna fordi dei ulike områda ikkje er tilstrekkeleg kartlagt for sopp, og for å sikre at tiltaket er målretta med tanke på kor og korleis beitebruk skal aukast for å ta vare på verneverdiane.

² Ot.prp.nr.52 (2008–2009) Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) s. 104 første og andre spalte.

³ Ot.prp.nr.52 (2008–2009) Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) s. 106 første spalte.

Til sist vil vi kommentere nærmere på prinsippet i naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Det følgjer av føresegna at for å unngå og avgrensa skadar på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar, slik teknikk og lokalisering som gir dei beste samfunnsmessige resultat. Det er presisert i førearbeida til naturmangfaldlova at driftsmetodar også omfattar bruksmetodar som positivt bidreg til å oppretthalde naturmangfaldet⁴. Føremålet med forslag til forskriftsendring er ønskje om å leggje til rette for auka beitebruk i verneområdet. Siktemålet med dette er å ta vare på naturmangfaldet og hindre at kulturlandskapet gror igjen. Retningslina i naturmangfaldlova § 12 tilseier at nydyrkning som tiltak må vurderast opp mot andre driftsmetodar og teknikk som kan ta i vare det same føremålet. I tillegg må den nærmere lokaliseringa av moglege nydyrkingsområde ta omsyn til kva område som vil føre til minst mogleg skade på naturmangfaldet. Det blir då viktig å sjå på korleis konsekvensvurderinga til Miljøfaglig Utredning har verdsett dei ulike lokalitetane, og korleis nydyrkning vil verke inn på tilstanden.

Når det gjeld alternative driftsmetoder og teknikk som kan auke beitetrykket og halde landskapet i hevd, er det fleire tiltak som kan vere aktuelle. I rapporten frå Miljøfaglig Utredning vert det trekt frem at dersom arealet som er i gjengroing skal restaurerast krev dette målretta tiltak. Det vert nemnt at det er trøng for ulike slag beitedyr, og inngjerding av sau og storfe for å sikre at vegetasjonen vert beita godt ned (Miljøfaglig Utredning, 2023). Forvaltnings- og skjøtselsplanar kan gjennom styring av beite i området også bidra til å sikre at beitetrykket vert auka. Det er også mogleg at visse formar for fjerning av tre kan vere eit supplement til beiting. Aktiv bruk og oppfølging av skjøtselstiltak og beitebruksplanen, som er under utarbeiding, vil vere viktige tiltak. Vi kan og nemne at det er mogleg å søkje om miljøtilskotsmidlar for tiltak som kan bidra til å ta vare kulturlandskapet.

Nydyrkning som tiltak for å leggje til rette for beitebruk i verneområdet, må sjåast i samanheng med desse og andre tiltak som kan auke beitetrykket og bidra til å halde landskapet i hevd. Forslaget til endring av verneforskrifta vil innebere nydyrkning av natur i Hattebergsdalen, og føre til at verdifulle naturtypelokaliteter vert forringa eller sterkt forringa. Dersom det opnast opp for nydyrkning med føremål å leggje til rette for auka beitebruk i verneområdet, bør det som nemnt vurderast alternativ og stillast krav til styring av beitebruk. Søknader om nydyrkning vil i så fall konkret måtte dokumentera korleis og kor beitetrykket skal aukast og sameinast med beitebruksplanen slik at tiltaka samla sett bidreg til ønska tilstand i landskapsvernombrådet.

Høyring

Forslag til endring av verneforskrifta vart sendt på høyring 1. juni 2023, med frist for å sende innspel 1. august 2023. Høyringa vart annonsera på heimesida til Statsforvaltaren, i Norsk Lysingsblad og lokalavisene, både i papiravis og i digital utgåve.

Det kom inn førespurnad om utsett høylingsfrist frå Forum for natur og friluftsliv i Hordaland, Naturvernforbundet i Hordaland og Folgefonna nasjonalparkstyre, og det vart gitt utsett høylingsfrist som førespurt til 10. og 11. august.

⁴ Ot.prp.nr.52 (2008–2009) Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) s. 106 første spalte.

Det kom inn sju høyringsuttalar innan utsett høyringsfrist. Vi fekk i tillegg fem høyringsuttaler etter høyringsfristen. Dette var Vestland Fylkeskommune, SABIMA, Baroniet Rosendal, Naturvernforbundet og Verdens naturfond. Desse uttalene er teke med i tilrådinga slik at saka, i samsvar med forvaltningslova § 37, vert så godt opplyst som mogleg. Vi viser i denne samanheng til at høyringsperioden gjekk gjennom feriemånadene juni og juli. Vi har også teke med eit munnleg innspel vi fekk av Maria Fossberg i samband med synfaring i området den 5. mai 2023.

Følgjande har gjeve uttale til forslag om endring av verneforskrifta:

- Baroniet Rosendal/Den Weis Rosenkroneske stiftelse
- Bergen og Hordaland Turlag (BHT) med lokallaget Kvinnherad Turlag (KT)
- Folgefonna nasjonalparkstyre
- Forum for natur og friluftsliv Hordaland har sendt innspel på vegner av Naturvernforbundet Hordaland, BirdLife Norge avdeling Hordaland, og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland
- Fossvik, Maria
- Holsvik, Einar
- Kartverket
- Kvinnherad kommunestyre
- Naturvernforbundet
- SABIMA
- Språkrådet
- Verdens naturfond
- Vestland fylkeskommune

Alle innspela vi fekk til høyringa er samanfatta under, og følg i tillegg med dokumentet som eit samla vedlegg.

Omtale av forslag til endring av verneforskrifta

Forslag som har vore på høyring, var å legge til ein ny bokstav (I) i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 der forvaltningsstypesmakta kan gje løyve til:

I. Nydyrkning i avgrensa omfang for å legge til rette for beitebruk i verneområdet

Gjennom høyringsnotatet var det skissert fleire problemstillingar knytt til forslaget som høyringa skulle gje høve til å klargjere. Den føreslegne formuleringa set ikkje grensar for kor mykje og kva type natur som kan dyrkast opp, men gir opning for nydyrkning av all type natur, medrekna til dømes myr og andre verdifulle naturtypar. I tillegg vil det vere vanskeleg å kontrollera presedensverknader og samla belastning. Vi viste derfor særleg til at vi ønskte at høyringa skulle gje innspel om korleis vi kan formulere ei meir avgrensa føresegn der vi oppnår føremålet om auka beitebruk, utan at kostnaden vert at verdifulle naturverdiar går tapt.

Merknader til forslaget

Merknader som er positive til forslaget

Kvinnherad kommunestyre er positiv til tilføyning av et nytt punkt (I) i verneforskriftas § 3 punkt 1.3 som opnar for nydyrkning i Hattebergsdalen. I saksframlegget vert det framheva at forslaget tek i vare

omsyna til bruk og vern på ein god måte, noko som vil vere i betre balanse med ønskt landbruksdrift i området. I uttalen vert det vist til at aktive bønder og beitande dyr er naudsynt for å oppretthalda målet i verneforskrifta om å ta vare på kulturlandskapet. For å unngå attgroing av kulturlandskapet må bøndene ha nok beitedyr og tilstrekkeleg vinterfør, noko som krev areal som kan haustast effektivt med traktor og tilhøyrande slåtteutstyr.

Folgefonna nasjonalparkstyre støtter framlegg om forskriftsendring for Hattebergsdalen med den føreslegne ordlyden; *Nydyrkning i avgrensa omfang for å leggja til rette for beitebruk i verneområdet*. Det bør stillast krav til beitebruksplan i samband med opning for nydyrkning.

Nasjonalparkstyret uttalar seg også generelt til høyringa og skriv:

Kombinasjonen vern og aktivt landbruk med beiting er det mest bærekraftige i eit samfunnsperspektiv. Styret er glad for støtte frå Klima og miljødepartementet i dette synet.

Med det som bakteppe meinar styret at høyingsnotatet i større grad burde vektlagt kva verneverdiar som går tapt med manglande beiting, på same måte som kva naturverdiar som går tapt med dyrking i det aktuelle området. Som forvaltar av landskapsvernombordet på vegne av nasjonen meinar styret at verneverdiene samfunnsøkonomisk og best kan ivaretakast i samarbeid mellom styret/forvaltar og aktive bønder framfor detaljplanlagt offentleg forvaltning med økonomisk offentleg kompensasjon. Forskriftsendringa bør vektleggja det lokale skjønnet eit Nasjonalparkstyre skal forvalta, i større grad enn å forskriftsfesta på eit rikt detaljnivå.

Merknader som er negative til forslaget

Forum for natur og friluftsliv Hordaland på vegner av Naturvernforbundet Hordaland, BirdLife Norge avdeling Hordaland, og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland (FNF) går klart mot endringa som er foreslått i verneforskrifta. Dei framhevar at ei slik endring vil undergrava eit viktig vern av vår felles natur- og kulturarv, berre for å koma private, økonomiske interesser i møte. FNF meiner at nydyrkning vil svekke verneføremålet sidan nydyrkning vil påverke det visuelle inntrykket av dalføret. Nydyrkning vil også redusera dalen sin eigenart, der landskapsformane i all hovudsak er forma av naturen sjølv, og ikkje av menneska. Vidare vil nydyrkning vere i strid med føremålet om å sikre verdfull vassdragsnatur, sidan vassdragsnatur må kunne forståast som både sjølve vassdraget og naturen i tilknyting til det.

Vidare viser FNF til rapport frå Miljøfagleg utredning, og meiner det er grunnlag for å hevda at nydyrkning vil vere særskildeleg for naturmangfaldet. Dei peikar vidare på at rapporten berre omtalar effektar på naturmangfaldet, men at nydyrkning også vil påverke dei andre verneverdiene knytt til dei naturlege landskapselementa i området.

FNF skriv at det er stor usikkerheit knytt til kor vidt nydyrkning faktisk vil føre til høgare beitepress, då det ikkje er knytt plikt til å auka beite. Dei viser også til at naturen er dynamisk, og at noko attgroing må aksepterast innanfor eit landskapsvernombordet.

FNF trekk frem likskapsprinsippet og presedensverknaden som ei slik endring vil skape, som argument mot forslaget om å opne opp for nydyrkning. Gjengroing av kulturlandskap er ikkje noko som er eineståande for Hattebergsdalen, og tillèt ein nydyrkning i Hattebergsdalen vil det vere uråd ikkje å tillate det også i andre verneområde der det er beiting som held kulturlandskapet i hevd.

Til sist peikar FNF på at forksriftendringa vil føra til meir arbeid for forvaltninga, noko som kan gå ut over andre arbeidsoppgåver miljømyndighetene har.

Naturvernforbundet er sterkt imot den foreslegne endringa av verneforskrifta. Forbundet viser til at landskapsvernombordet sikrar eit heilt unikt landskap som forbinder fonn og fjord og med Baroniet i sentrum. I tillegg peiker forbundet på at det i samband med opprettinga av vernet er grunngjeve kvifor nydyrkning ikkje passer inn i dette landskapet. Uttalen peiker også på den forenkla konsekvensutgreiinga frå Miljøfaglig Utredning som viser at nydyrkning vil gi betydeleg eller alvorleg miljøskade i dei ulike delområda. Naturvernforbundet meiner at ei slik forskriftsendring vil svekke naturmangfaldlova og gjere det vanskelegare å nå målet i FNs naturavtale om å verne 30% av norsk natur.

SABIMA går sterkt imot forslag til endring av verneforskrifta, og stillar seg bak høyringsinnspeila frå FNF Hordaland og Baroniet Rosendal. Organisasjonen meiner det er uklokt og øydeleggjande for artsmangfald og naturverdiar å tillate nydyrkning i Hattebergsdalen landskapsvernombordet. SABIMA uttalar at det vil medverke til å svekke naturmangfaldlova dersom det i verneforskrifta vert opna for høve til å søkje om nydyrkning. Ei slik forskriftsendring vil vidare redusera moglegheita til å nå måla i FNs naturavtale om å verne 30 prosent av naturen på land innan 2030. SABIMA uttalar at ei forskriftsendring til fordel for nydyrkning blir feil, og peikar på konsekvensane for naturmangfaldet som går fram av rapporten frå Miljøfaglig utredning. Organisasjonen viser vidare til at forbodet mot nydyrkning er godt grunngjeve i førearbeida til vernet.

Verdens naturfond (WWF) går i mot den føreslegne forskriftsendringa, og stiller seg bak uttalene frå SABIMA, Naturvernforbundet og Forum for Friluftsliv Hordaland. WWF meiner at forskriftsendringa og konsekvensane av denne, bryt med grunnlaget for og er i strid med vernet av Hattebergsdalen. Dette kan gje svært negative konsekvensar for verneområdet på kort og lang sikt. WWF Norge er redde for presedensen for andre verneområde i landet. Nydyrkning i eit verna område er eit stort inngrep som endrar landskapet monaleg, skader artsmangfaldet og kan gi vanskelege dilemma i forvaltningsaker for resten av verneområdet. WWF Norge viser og til FNs naturavtale, og peikar på at endra arealbruk er hovudårsaka til utrydding av artar og tap av naturmangfald. Dei meiner difor at endringsforslaget er i strid med måla i naturavtalen

Merknader knytt til friluftsliv

Bergen og Hordaland Turlag med lokallaget Kvinherad turlag (Turlaget) tek ikkje direkte stilling til forslaget, men uttalar at dei vonar det vert kome frem til ei løysing som ikkje svekker verneføremålet samstundes som det vart teke omsyn til eit levande landbruk. Turlaget trekk frem friluftsverdiane i området, og ber om at desse vert vektlagt. Dei nemnar mellom anna at området er mykja nytta som turområde, og at det difor er viktig at turstien på høgre side av elva framleis må vere tilgjengeleg for allmenn ferdsel. Innspelet tar også opp at natur- og landskapsopplevinga har verdi, og at landskapsinntrykket av semi-naturlig eng og beiteskog må oppretthaldast. Turlaget ber om at vedtak i saka tek omsyn til beitebruk som kan halde landskapet i hevd, samstundes som det ikkje vert opna for inngrep som påverkar heilskapen i landskapet og naturmangfaldet i området. Nydyrkning treng ikkje skada landsskapskvalitetane, men det kviler på at omfanget er avgrensa, tilpassa landskapet og utan dominerande inngrep. Turlaget ønskjer at det vert vurdert fleire mogelegheiter for å imøtekoma landbruket på eit vis som ikkje råkar verneføremålet som til dømes forskriftsendringar, grenseendringar og tilskotsordningar.

Einar Holsvik framhevar verdien av friluftslivet i området, og uttrykkjer ønskje om at terrenget vert tilnærma uendra etter ei eventuell endring av verneforskrifta. Han viser til at mange går tur innover Hattebergsdalen, og at det gir ein særskild oppleveling å gå tur på sti i tilnærma urørt natur langs

høgresida av elva. Det er difor viktig at endringar i verneforskrifta ikkje fører til stengsler eller praktiske hindre for å gå tur i området.

Merknader knytt til landskap og kulturminne

Baroniet Rosendal/Den Weis Rosenkroneske stiftelse (Baroniet) opplyser at 350 mål av det mest sentrale arealet av Baroniet Rosendal vart freda i 2015. Baroniet omtaler dei tre verna og freda områda, Baroniet Rosendal, Hattebergsalen landskapsvernombordet og Folgefonna nasjonalpark, og peikar på at desse utgjer ein heilskap med store naturverdiar Baroniet viser vidare til at dei er den største grunneigaren i Hattebergsalen landskapsvernombordet, og at det er utmarksbygningars også inne i dalen som inngår i fredingsvedtaket. Baroniet peiker på at forvaltninga av naturen og landskapet omkring også får verknad for det freda området, då landskapet i Hattebergsalen gjennom utsikter og siktelinjer er ein fullverdig integrert del av Baroniet Rosendal. Vassdragsnaturen, spora etter landbruk i eldre tider, den flate dalbotnen og dei delvis opne markane er viktige kvalitetar ved Hattebergsalen. Baroniet er uroleg for kva konsekvensane kan bli dersom det vert opna for vesentlege endringar av verneforskrifta, og peiker på både artsmangfald, biologiske konsekvensar og djupna i opplevinga av landskapet.

Vestland fylkeskommune viser til at dei i samband med søknad om nydyrkning på gnr. 87 bnr. 12 tilrådde å redusere arealet frå om lag 47 dekar til 20 dekar nærmest elva slik at ikkje kulturlandskapet i vest med fire identifiserte kolgrøper vart råka. Fylkeskommunen vurderte den gangen at nydyrkning nord for dei påviste automatisk freda kulturminna ned mot elva ikkje ville få store negative visuelle konsekvensar for kulturlandskapet i si heilskap, då det var dyrka på andre sida av Hattebergselva. Fylkeskommunen ser det ikkje som positivt at ytterlegare utmarksareal vert oppdyrka vidare oppover Hattebergsalen, verken på aust- eller vestsida av elva. Kulturlandskapet har vore nytta som beiteland i hundrevis av år og det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne som kan knytast til utnytting av utmarksressursar.

Uttalen peiker også på at ein stor del av landskapsvernombordet i nord, om lag halvparten, er og definert som KULA-område (Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse) K471. Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har sluttar seg til, legg vekt på at landskapet er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvalting og vern. Kulturminneforvaltinga har eit særleg ansvar for å halde oversyn over kulturhistorisk verdifulle landskap. Ein stor del av Hattebergsalen landskapsvernombordet, om lag halvparten, er såleis del av eit slikt område som består av Rosendalsbygda med baroniet i eit rikt jordbrukslandskap med alpine omgjevnader og utmarksressursane i Skåladal, Melsdal med Myrdal og Muradal.

Andre merknader

Maria Fossberg, er grunneigar i området. I samband med den varsle synfaringa i Hattebergsalen 5.mai 2023, tok ho kontakt for å melda inn eit innspeil. Maria Fossberg ønskjer at det heller vert vurdert ei grenseendring. Det vil også løye andre utfordringar, som ønskje om framføring av veg til hytte på kollen nedstraums elva.

Kartverket viser til at standnamntenesta i Språkrådet kan gje tilråding om skrivemåten av namnet på landskapsvernombordet, og rår til at Språkrådet får tilsendt høyringa.

Språkrådet utalar at sidan hovuddelen av dei viktigaste elvane i vassdraget ligg innanfor grensene til landskapsvernombordet, verkar det naturleg at området kan bli assosiert med namnet på vassdraget. Dei finn det difor tilrådeleg at det tilsvarande dalnamnet, namnet Hattebergsalen, framleis blir lagt

til grunn for områdenamnet. Språkrådet har heller ingen merknader til skrivemåten *Hattebergsdalen*.

Miljøfagleg vurdering av forslaget etter høyring

Innleiingsvis vil vi nemna at vi tar uttalen frå Språkrådet knytt til områdenamnet til vitande.

Føremålet med forslaget om å opne opp for nydyrkning i avgrensa omfang var ønskje om å leggje til rette for auka aktiv beitebruk i verneområdet. Dersom beitetrykket i verneområdet styrkast kan dette i større grad hindre at landskapet gror igjen og at naturmangfaldet vert redusert. Både Kvinnherad kommunestyre og Folgefonna nasjonalparkstyre uttaler at høve til å gi dispensasjon for nydyrkning vil vere positiv for naturmangfaldet fordi det kan leggje betre til rette for at bøndene har tilstrekkeleg driftsgrunnlag for dyrehald og dermed også oppretthalde og auke beitetrykket i landskapsvernombordet. Begge uttalane peiker på at det er viktig med god balanse mellom bruk og vern. Turlaget tek ikkje stilling til forslaget som er lagt frem, men uttrykker ønske om at det vert kome frem til ei løysing som ikkje svekker verneføremålet, samstundes som det vart teke omsyn til eit levande landbruk.

Interesseavveginga mellom bruk og vern er gjort i samband med vernevedtaket. Dette er framheva av SABIMA og Naturvernforbundet som i sine uttaler viser til at det i førare arbeida til vernet er grunngjeve kvifor nydyrkning ikkje skal vere tillatt i verneområde. FNF peiker og på at naturen er dynamisk, og at noko attgroing må akseptera innanfor eit landskapsvernombordet.

Det går frem av forarbeida til verneforskrifta at dette var ei sentral problemstilling i samband med høyringa då landskapsvernombordet vart oppretta, og det vart vurdert at nydyrkning ikkje kunne sameinast med vern⁵. Vedtak om vern vart gjort med kunnskap om at vernet kunne gjere det vanskelegare for grunneigarane å drive områda, noko som på sikt kunne føre til attgroing av kulturlandskapet. Vernevedtaket tek dermed høgde for at attgroing av kulturlandskapet kan vere ein følgje av redusert beitetrykk og mindre utnytting av utmarka, og at dette er ein utfordring som må løysast gjennom andre tiltak enn nydyrkning.

Forslaget om å opne for nydyrkning er i utgangspunktet ikkje fremma for å gjere ei ny interesseavveging mellom bruk og vern, men for å fremje verneføremålet gjennom å legge til rette for auka beitebruk. Vi har forståing for verdien av og omsynet til jordbruksinteressene og at dyr på beite krev eit aktivt og levande jordbruk. Vi meiner likevel at eit forslag om å opne opp for nydyrkning i landskapsvernombordet krev at tiltaket vil fremje verneføremålet. Vi vil difor gjere ei nærmare vurdering av tiltaket opp mot dei sentrale verneverdiane før vi gjer ei samla vurdering.


Naturverdiar

Fleire av uttalene peiker på at tiltaket vil trua naturverdiar og biologisk mangfold i landskapsvernombordet. Nasjonalparkstyret meiner på si side at høyringsnotatet i større grad skulle vektlagt kva for verneverdiar som går tapt dersom beitetrykket vert for lågt. Gjennom utgreiinga til Miljøfaglig Utredning våren 2023 vart beitetrykket i Hattebergsdalen vurdert, og også kor det er trong for å auke beitetrykket for å betre tilstanden til dei semi-naturlege engene. Bakgrunnen for

⁵ Kong. Res. 29. april 2005 sak nr. 2005/951.

vurderinga var rapporten frå basiskartlegginga i landskapsvernombjøra (2019), der det vart tilrådd å auke beitetrykket i dalen som eit tiltak for å betre tilstanden til kulturlandskapet, og særleg semi-naturleg eng (Miljøfaglig Utredning, 2019).

Basiskartlegginga av verneområdet viser at dei semi-naturlege engene er i ulik gjengroingstilstand. Areala i dalbotnen er stort sett intakte, mens områda lenger opp i dalsida er meir gjengrodd. Her varierer det frå brakkleggingsfase til både tidleg og sein gjenvekstsuksesjonsfase. Det er desse sistnemnte areala som har særleg trond for eit hardare beitetrykk, sjå figur 3.



Figur 3: Kart som viser områda som er kartlagt som semi-naturleg eng Hattebergsdal LVO. Dei ulike fargane viser attgroingstilstanden til engene. (Miljøfaglig Utredning, 2023, figur 7, s. 23).

Utgreiinga som Miljøfagleg utredning har gjort viser som nemnt over at områda som kan vere aktuelle for nydyrkning i all hovudsak er trua naturtypar i kategorien sårbar (VU) og har stor eller svært stor verdi. Nydyrkning i desse områda vil føre til alvorleg og svært alvorleg miljøskade for delområdet. I tillegg vil nydyrkning få indirekte konsekvensar for funksjonsområdet langs elva som inneheld raudlista artar av mose og lav. Dersom beitetrykket vert auka og styrt mot dei høgareliggende liane, vil naturverdiane her truleg kunne styrkast. Dersom dette krev nydyrkning av dei intakte semi-naturlege enger, vil samstundes naturverdiane her gå tapt. Heilskapleg sett vil eit slikt tiltak føre til eit større tap av natur- og kulturlandskaps verdiar enn om attgroinga som skjer naturleg får halda fram.

Høyringa har ikkje gjeve ny kunnskap om kva områder som er aktuelle for nydyrkning. Vi legg difor til grunn at ei forskriftsendring som opnar for nydyrkning vil føre til at verdifull natur går tapt. Å opne for nydyrkning på areala med intakt semi-naturleg eng, for å leggje til rette for auka beite på områder som er i større grad av attgroing, vurderer vi difor som kontraproduktivt sett opp mot verneføremålet.

Problemstillinga i høyringa har mellom anna vore korleis vi kan formulera eit unntak for nydyrkning som sikrar at det auka beitetrykket som blir resultatet av nydyrkninga, i ei interesseavvegning, har større verdi enn areala med eksisterande naturtype som går tapt. Nasjonalparkstyret peiker i sin uttale på at det bør stillast vilkår om beitebruksplan i samband med eit løyve til nydyrkning. Samstundes ønskjer dei at forskriftsendringa i større grad legg vekt på det lokale skjønnet enn detaljrike reglar. Det kan vere mogleg å knytte vilkår om beitebruksplan som forpliktar grunneigar på auka beite i andre område av landskapsvernområde til et løyve om nydyrkning. Ei utfordring er likevel at områda som i praksis er egna for nydyrkning er områder med høg og svært høg naturverdi. Vi viser i denne samanheng til at verneforskrifta av omsyn til naturmangfaldet heller ikkje gjev høve til å gjødsle beite med mindre dette var praksis på vernetidspunktet. Nydyrkning vil ha enda større påverknad på naturmangfaldet enn gjødsling av beite. Konsekvensane for naturverdiane ved nydyrkning av areal i Hattebergsdalen underbygger val av andre tiltak enn nydyrkning for å hindre attgroing av landskapet. Dette vil vere i samsvar med naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarelege teknikkar og driftsmetodar.

Natur- og kulturlandskap

Fleire av uttalene trekk fram at områda langs elva innover i dalen, har stor verdi knytt til natur- og kulturlandskapet. FNF, Naturvernforbundet, SABIMA, WWF og Baroniet Rosendal framhevar alle i sine uttaler at det er viktig å ta i vare heilskapen og eigenarten i det unike landskapet. Vestland fylkeskommune skriv at Hattebergsdalen har kulturhistorisk verdfullt landskap, og at området tradisjonelt har vore nytta til beiting. Det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Dersom deler av desse areala vert dyrka opp, vil landskapsbilete fjerne seg frå det tradisjonelle beitelandskapet. Verdien av landskapskvalitetane for friluftsliv og turopplevelinga vert trekt fram av Turlaget og Einar Holsvik. Vi er samd i vurderinga av at nydyrkning vil påverke natur- og kulturlandskapet negativt. Vi kan heller ikkje sjå at å opne for høve til dispensasjon for nydyrkning på nærmere vilkår, kan hindre attgroing på andre areal i landskapsvernområdet som har større verdi for naturmangfaldet eller kulturlandskapet.

Alternativa som vart skissert i høyringsnotatet som til dømes å avgrensa konsekvensane ved moglege nydyrkningstiltak, ved å setje av konkrete områder i kart eller å setje eit øvre tak for nydyrkning, vil ikkje løysa utfordringa med at alle områda som i praksis er aktuelle for nydyrkning er verdfulle eller svært verdfulle naturtypar som også har stor verdi for det visuelle inntrykket av landskapet. Det skal og leggjast vekt på omsyna til natur- og kulturlandskapsverdiane ved avgjerder etter nydyrkingsforskrifta, sjå føremålsføresegna og konkretiseringa av omsyn, vilkår og grensar for nydyrkning i §§ 5, 5a og 6. Vi stiller derfor spørsmål ved om det, uavhengig av vernestatus, kan gjevast løyve til nydyrkning på areala i Hattebergsdalen etter nydyrkingsforskrifta. Vi viser i denne samanheng til nydyrkingsforskrifta § 5 første ledd, som krev at det ved avgjerder om nydyrkning skal «*legges særlig vekt på hvilke virkninger tiltaket kan påregnes å få for natur- og kulturlandskapsverdiene, jf. § 1.*».

Vassdragsnatur og verna vassdrag

Hattebergvassdraget er eit varig verna vassdrag gjennom verneplan IV (045/1)⁶, og vernegrunnlaget for Hattebergvassdraget er samanfatta slik av NVE⁷:

«Vassdraget er sentrale deler av et særpreget og kontrastrik landskap fra høyfjell til fjord, der elver og vann er stedvis svært fremtredende. Elveløpsformer, isavsmeltingsformer, aktive prosesser i avsetninger og fjell, botanikk og vannfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Store kulturminneverdier. Viktig for friluftslivet. Utfyller nasjonalpark ned til fjorden.»

For verna vassdrag som inngår i eit verneområde etter naturmangfaldlova gjeld reglane i naturmangfaldlova, sjå lov om vassdrag og grunnvann § 33. Det er også vedteke rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Desse retningslinene gjeld for vassdragsbeltet, med hovudelver, sideelver, større bekker, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters bredde langs sidene av desse, sjå retningslinene § 1. Ved avgjerder som gjeld verna vassdrag skal det leggjast vesentleg vekt på verneverdiane, og ifølgje retningslinene § 3 er det mellom anna eit nasjonalt mål for forvaltninga av verna vassdrag å unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø .

Vernegrunnlaget til Hattebergvassdraget er i stor grad overlappende med verneføremålet for landskapsvernombrådet som også skal sikre verdifull vassdragsnatur. FNF meiner at forskriftsendringa er i strid med dette verneføremålet. Vi meiner at vassdragets status som verna vassdrag innanfor eit landskapsvernombråde som skal sikre vassdragsnaturen, gjer at det må leggjast vesentleg vekt på å sikre at vatnet får renne naturleg og skape dei landformene og naturtypane som er karakteristisk for frittrennande vatn. Omsynet til det verna vassdraget og vassdragsnaturen tilseier at det ikkje bør opnast for tiltak som inneber manipulering av vassløp eller flytting av naturleg opplagde lausmassar innanfor det som er det historiske eller potensielle verkeområdet for elva. Dette omfattar både areal der det har gått elveløp, med graving eller sedimentering, i tidlegare tider, og der elva ut frå topografien vil kunne ta nye løp i framtida. Ved å gjere forskriftsendringar som inviterer til dyrkingstiltak som grip inn i gamle elveformer, etablerer nye kunstige dreneringssystem, eller snevrar inn rommet som elva vil kunne bruke i framtida, vil intensjonane med vassdragsvern verta svekka. Vassdragsvern er både å ta vare på gamle landformer som elva har skapt, og å sikre elvane naturleg spelerom for same dynamikk også i framtida. Økosystem og landformer knytte til naturleg rennande vatn har vore i sterkt tilbakegang, slik at omsynet til økosystemtilnærming og samla belasting i naturmangfaldlova § 10 må ha stor tyngde til fordel for å unngå ytterlegare inngrep i verna vassdraget.

Til dette kjem som vi har nemnt før at regelverket om kantvegetasjon tilseier at området mellom sideløp/flaumløp og hovudelv ikkje kan dyrkast. Dette av omsyn til breidda på kantvegetasjonen langs løpet og elva, og for å ta høgde for eventuell graving av elva. I tillegg er det vesentleg at elvebreidd ikkje skal sikrast, då elva skal kunne grave og flytte massar. Vi viser i denne samanheng også til vilkår og omsyn som gjeld ved nydyrkning etter nydyrkingsforskrifta, sjå omtale over.

⁶ St.prp. nr. 118 (1991-92). Verneplan IV for vassdrag, side 77-78.

⁷ <https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdragsforvaltning/verneplan-for-vassdrag/vestland/045-1-hattebergvassdraget/>

Presedensverknad

FNF peiker i sin uttale på likskapsprinsippet og presedensverknaden som argument mot forslaget om å opne opp for nydyrkning. Dei viser til at gjengroing av kulturlandskap ikkje er noko som er eineståande for Hattebergsdalen, og tillèt ein nydyrkning i Hattebergsdalen vil det vere uråd ikkje å tillate det også i andre verneområde der det er beiting som held kulturlandskapet i hevd. Denne problemstillinga er også trekt fram av Naturvernforbundet, SABIMA og WWF. Vi er samd i vurderinga av at ei forskriftsendring som opnar for nydyrkning i Hattebergsdalen landskapsvernombordet vil kunne føre til press for å gjere tilsvarende endringar i andre landskapsvernombordet. Føremålet med forslag til forskriftsendring har vore å bøta på utfordringa med at kulturlandskapet gror igjen. Det vil difor vere uheldig dersom forskriftsendringa førar til presedensverknad for nydyrkning av andre årsaker enn å leggje til rette for auka beitebruk i verneområdet, eller for nydyrkning i andre landskapsvernombordet enn Hattebergsdalen.

I eit slikt perspektiv har grensejustering for å ta omsyn til konkrete grunneigarar eller jordbruksinteressar vore peikt på som eit alternativ. Turlaget kommenterer i sin uttale at andre moglegheiter som ikkje råkar verneverdiane og som kan ta i vare jordbruksinteressene, som til dømes grensejustering, bør vurderast. Maria Fossberg har og gjeve innspel om at grensejustering er ønskjeleg. Vi vil likevel ikkje tilrå dette på bakgrunn av at det konkrete arealet som har vore aktuell for nydyrkning i samband med tidlegare søknader er eit område med naturtypar som har stor verdi som vil bli forringa/sterkt forringa dersom det vert dyrka opp. Vi kan heller ikkje sjå at ei grensejustering på det aktuelle området kan sameinast med omsynet til vassdraget og kantvegetasjon. Til liks med ei forskriftsendring vil også ei grensejustering kunne gje presedens for tilsvarende løysing i samanliknbare tilfelle.

Ei grensejustering vil vidare føre til at det vert dyrka på vestsida av elva som fram til no har vore tilnærma upåverka av inngrep. Det er særleg på denne sida av elva vi får eit heilskapleg landskapsbilete med kontinuitet i landskapselementa frå elva til høgfjellet, slik som også FNF, Turlaget og Einar Holsvik har peikt på i sine uttaler. Nydyrkning her vil forringe verdien av naturopplevinga og høve til å utøve friluftsliv i natur som er fri for inngrep.

Naturvernforbundet, SABIMA og WWF trekk i sine uttaler fram FNs naturavtale. FNs naturavtale (Det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfold) vart vedteke 19.12.2022, og har mellom anna mål om å verne 30 % av all natur på land innan 2030⁸. Det er i tillegg et mål å verne eller ta vare på 30 prosent av verdens hav, innsjøar og elver, samt restaurera 30 % av all natur som er delvis øydelagt. I lys av at dei ulike brukarinteressene vart vurdert i samband med vedtakinga av vernet, og måla i FNs naturavtale, vil det vere særslig uheldig å opne opp for endringar som kan gje presedensverknad for tiltak som kan redusera verdien eller omfanget av landskapsvernombordet i Noreg.

⁸ [FNs naturavtale](#)

Samla vurdering

Vi legg i vår samla vurdering vekt på at utgangspunktet er at landskapet med dei naturkvalitetane som er der i dag er verna. Det er difor sentralt at ikkje forskriftsendringa utilsikta opnar opp for å gje løyve til nydyrkning i einskildsaker som samla sett førar til større påverknad av landskapet og naturkvalitetane enn føremålet tilseier, jf. prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning i naturmangfaldlova § 10. Vi legg vidare vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9, og viser til at områda ikkje er tilstrekkeleg kartlagt for naturverdiar som til dømes beitemarksopp. Det bør veljast andre tiltak for å hindre attgroing, som har mindre konsekvensar for naturverdiane og landskapet, slik som naturmangfaldlova § 12 gjev føringar om. Vi visar i denne samanheng til at det går føre seg arbeid med å revidera både forvaltningsplanen og beitebruksplanen for Hattebergsdal.

På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, og innspela frå høyringa finn vi ut i frå ei miljøfagleg vurdering, ikkje grunnlag for ei forskriftsendring som opnar for nydyrkning i Hattebergsalen landskapsvernombord. Avgjerande for vår vurdering er at tiltaket vil føre til inngrep i terrenget som vil påverke landskapsbilete og naturopplevinga i strid med verneføremålet, og verdfullt naturmangfald vil gå tapt. Ved å nydyrke allereie intakte semi-naturlege enger, vil vi miste meir mangfald enn vi får ved å auke beitetrykket i dei semi-naturlege engene som no er i ulike fasar av attgroing. Tiltaket er derfor ikkje tilstrekkeleg målretta eller eigna til å oppnå føremålet om å auka beitetrykket, og såleis fremje verneverdiane ved å hindre attgroing av kulturlandskapet.

Forskriftsendringa vil vidare legge presedens for tilsvarande endringar i andre landskapsvernombord i Norge. Då forskriftsendringa vil kunne føre til alvorlege konsekvensar for verneverdiane heller enn å fremje verneføremålet, kan vi som fagmyndigkeit ikkje sjå at det er grunnlag for at omsynet til jordbruksinteressene i denne saka skal vege tyngre enn verneinteresse. Vi viser i denne samanheng til at terskelen for revurdering av verneforskrifta skal vere høg. Interesseavveginga mellom verneinteressene og jordbruksinteressene vart avgjort i samband med vedtakinga av vernet, og er ei avgjerd som ligg til nasjonalt politisk nivå.

Landbruksfagleg vurdering av forslaget etter høyring

Hattebergsalen er eit frodig dalføre som går frå Rosendal og sørover. Dalføret er prega av fleire hundre års kulturlandskap med slått, beite og skogkledde lier. Frå vernegrensa ved Hattebergsfossen og sørover mot dalbotnen og kraftverket/vassverket går der ein om lag 2,2, km lang veg langs elva på austsida, dimensjonert for lastebil. På austsida av elva er der langs nesten heile vegen innmarksbeite, men også nokre område med dyrka jord. På vestsida av elva er der også innmarksbeite, lett tilgjengeleg fordi elva er lett å krysse. På vestsida av elva og ved utløpet av dalen like ovanfor Hattebergsfossen, ligg det eit innmarksbeite på kring 115 dekar på gnr. 87 bnr.12. Her ligg det omdiskuterte nydyrkingsfeltet på i underkant av 20 dekar, sjå figur 4.



Figur 4: Bilete som viser Hattebergsdalen frå lufta. Arealet på gnr. 87 bnr. 12 kor det tidlegare har vore søkt om løyve til å dyrka er markert med raud line.

Det er 4-5 gardsbruk i Rosendal som har beitedyr i området, både med storfe og sau. Eit av desse er det aktuelle gnr. 87 bnr. 12 som etter det vi kjenner til haustar gras frå 4-5 små bruk i bygda, til saman om lag 50 dekar dyrka jord, pluss 150 dekar innmarksbeite i og utanfor Hattebergsdalen. Dei driv med kring 15 storfe og 20 vinterfôra sau. Føremålet med nydyrkingsprosjektet er å styrke drifta med eiga jord og i tillegg utvide drifta med fleire beitedyr. Det vil ikkje føre til stor auke i beitebruken, men likevel bidra til nyrekuttering og skjøtsel innanfor og utanfor verneområdet.

Om vernereglane

Dette landskapsvernombretet vart oppretta saman med Folgefonna nasjonalpark ved kongeleg resolusjon 29. april 2005, med heimel i dåverande naturvernlov. Spørsmålet om nydyrkning er lite omtalt i kongeleg resolusjon, sjå side 26 og 27. Grunneigarlaget bad om at vernet ikkje måtte bli til hinder for nydyrkning, nygrøfting og kalking. Fylkesmannen i Hordaland vurderte at nydyrkning, grøfting, kalking ikkje kunne sameinast med vern etter naturvernlova. Men derimot var grøfting og kalking av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite å rekne som ordinære tiltak og drift av slike areal.

Vi har dei siste åra som kjent hatt to søknadar om nydyrkning på gnr. 87 bnr. 12 som har blitt nekta fordi det er klart i strid med eksisterande verneregler.

I 2009 kom naturmangfaldslova, som erstatta den tidlegare naturvernlova. I Ot. prop. nr 52 om naturmangfaldslova vart det tydeleg sagt at ein skulle reindyrke dei ulike områdeverna, sjå kapittel 11.8.4.4. Landskapsvernområde skal ta vare på dei store trekka i landskapet, det er ikkje meint å gje vern for enkeltartar – med mindre dei har verdi for landskapet. For vern av enkeltartar/biologisk mangfald bør ein heller bruke andre vernekategoriar som naturreservat, biotopvern eller nasjonalpark. Også for landbruksdrift vart det opna for å ta i bruk meir tidsmessige driftsmetodar, og som ein konsekvens er det opna for nydyrkning i enkelte av dei sist vedtekne landskapsvernområde.

Veging av nydyrkning og vern

Når vi no etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet skal vurdere ei endring av verneforskrifta for Hattebergsdalen landskapsvernområde som opnar for nydyrkning i avgrensa omfang, så må ei eventuell justert forskrift heimlast i dagens naturmangfaldlov § 36 om landskapsvernområde. Det betyr så langt vi forstår at det ut frå det som vart sagt i lovarbeidet er lettare å tillate nydyrkning i landskapsvernområde, enn det var etter den gamle naturvernlova og dagens verneforskrift.

Det store landskapsbildet er jo at det aktuelle dyrkingsfeltet er ein del av eit grønt og grasrikt innmarksbeite, og no ynskjer grunneigaren, kommunen og verneområdestyret at deler av dette kan dyrkast slik at graset kan haustast maskinelt. Spørsmålet er om og eventuelt korleis denne nydyrkingsa på kring 20 dekar kan «endre det vernede landskapets sær preg eller karakter vesentlig», jamfør naturmangfaldlova § 36.

Med det som er presentert i den miljøfaglege rapporten og dei miljøfaglege vurderingane, er det ut frå ei landbruksfagleg vurdering ikkje gjeve eit klart svar på at nydyrkning i avgrensa omfang vil endre særpreget i landskapet i dette dalføret. Bak denne vurderinga ligg også at dette er eit dalføre med mange andre inngrep, både dyrka areal, ei regulert elv og ein veg langs elva. Dette betyr at forskrifter kan justerast slik at det vert opning for nydyrkning. Nydyrkings tiltak vil i tillegg krevje løyve etter nydyrkingsforskrifta.

Verneområdet vart oppretta etter ein lang og grundig prosess, med vedtak i regjeringa, så det å endre på verneforskrifta vil få nasjonal merksemd og verte oppfatta som ei symbolsak. Slik sett er det ikkje vanskeleg å forstå at den miljøfaglege tilrådinga konkluderer mot denne endringa.

Men også for landbruket er dette er vanskeleg sak med symbolsk innhald, både med tanke på den konkrete planen om nydyrkning og prinsippet om lokal styring av dei store verneområda. Saka har synt at der er eit stort lokalt engasjement for å få justert verneforskrifta på dette punktet. Vi bør prøve å unngå auka konflikt mellom bruk og vern, også av omsyn til nye verneområde som skal etablerast i samarbeid med lokalsamfunna.